

Holmedal montessoriskule

Årsmelding for 2008

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Kirsten Råheim. Lærarar: Eirin Hegrenes, Olga Ask, Oddveig Lyngstad, Jens Helgheim, Odin André Hestholm (musikk, deltid) og Henny Vågane (kunst og handverk, deltid). I tillegg var Anne Britt Losnegård og YuYu Xue tilsett ein periode som høvesvis norsklærer og morsmåls lærar. Assistentar: Synnøve Krogenes og Ann Mari Søreide. Sistnemnde gjekk i desember over i stilling som lærar under utdanning og har fått stipend med bindingstid på same vilkår som lærarar har fått tidlegare. Kontormedarbeidar: Tove Vadøy. Reinholdar: Synnøve Krogenes. Magne Follevåg har hatt godtgjersle for noko vaktmeisterarbeid.

På årsmøtet i 2008 vart vedtektene endra slik at foreininga endra namn til Holmedal montessoriskule (tidlegare Holmedal montessoriforeining). Styret har vore: Gaute Losnegård (leiar), Nina Rivedal, Kari Ness, Arnar Itland (foreldrerepresentant) og Torill Olset (foreldrerepresentant). Vara: Oddveig Lyngstad og Jan Åge Nilsen. Representant for pedagogisk personale i styret har vore Eirin Hegrenes. Valnemnd: Jostein Grane og Irene Osland.

Elevtalet var 31 ved årsskiftet 2007/08. Om hausten tok det til 7 førsteklasingar mens det gjekk ut 3 frå 7. klasse. Det kom også til fleire nye elevar i eldre aldersgrupper. Ved årsskiftet 2008/09 var elevtalet 36. Skulen har vore delt i to slik at 1.-3. klasse utgjorde gruppe 1 og 4.-7. klasse i gruppe 2. Inntaksreglementet vart endra slik at inntak av elevar som bur i skulen sitt omland, skal skje to gonger i året, anten 1. januar eller ved byrjinga av skuleåret i august. Unntak gjeld for elevar som flyttar til skulen sitt omland. Prioritering ved inntaket vart endra til 1. Nye førsteklasingar, 2. Elevar som bur innanfor 6982-området frå Eikenes til Helle, og 3. Elevar som har søsken ved skulen.

Skulen har hatt tilsyn av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vedrørende tilpassa opplæring og spesialundervisning. Skulen fekk ein merknad, men ingen avvik.

Skulen var før sommarferien på skuletur til Aurland. Vi overnatta ei natt der, drog med Flåmsbana og fekk omvisning på jord- og hagebruksskulen.

Styret har hatt under utgreiing pensjonsordning for dei tilsette tilsvarande den som er i det offentlege. Denne saka er enno ikkje avslutta.

Representantar for styret har vore i forhandlingsmøte med kommunen om overtaking av skulebygg og tomt. Kommunen ønskjer overdraging. Saka er enno ikkje avslutta.

Av større innkjøp som skulen har gjort, er kjøpet av nye pultar og stolar. Det er også kjøpt inn musikkutstyr og gjort avtale med Holmedal Bygdehus om leige av lokale der til musikkundervisning. Elles vart den utvendige utbetringa av gamleskulen gjort ferdig med oppsetjing av ny kledning og maling. Golvbelegg på kjøkkenet vart skifta ut og ein del vindaugsruter fekk nytt glas.

6. desember blei det stelt til julemarknad i regi av skulen. Elevane hadde laga mykje fint som vart selt på denne marknaden, som var godt besøkt. Skulen har elles drive informasjon gjennom sine egne heimesider på domenet www.holmedalmonessoriskule.no Per mars 2009 har nettstaden hatt 107 000 treff og vore besøkt av nesten 2 900 ulike brukarmaskiner.

For styret ved Holmedal montessoriskule

Gaute Losnegård
leiar